



Jan Helge Pile

Uskedelingen Jan Helge Pile er i dag ein del av toppleiinga i Color Line der han er Marin teknisk sjef. Etter at Color Line fekk tilslaget frå Sandefjord kommune for ei ny ferje som skal trafikkere Sandefjord-Strömstad, var Pile sterkt involvert i intensjonsavtalen mellom Color Line og Ulstein verft om bygging av verdas største hybridferje.

Då Color Line fekk tilslaget var det fordi dei kunne vise til den mest miljøvenlege løysinga. Ferja kan slå over til batteridrift når ho kjem til innløpet til Sandefjordsfjorden, og kan køyre heile vegen innover fjorden med svært lite støy og svært miljøvennleg elles.

I eit skipsbyggingsprosjekt markerer ein ulike milepælar frå kontrakt vert signert og til skipet vert levert. Den første milepælen er brennstarten, medan den neste er den såkalla kjølstrekken. Fredag 14.juli vart brennstarten markert , og det var Jan Helge Pile som stod for dette som markerer produksjonsstart av skipsbyggingsprosjektet. Dette føregjekk ved skrogverftet Crist i Polen. Ferja skal vera ferdig bygd i 2019.

De kan lesa meir frå seremonien og sjå bilde ved å klikka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Kristian Bringedal

